

Aril Langesæter
Kopperdalsvegen 115
5912 Seim

GARDFLOR I STEIN, NORDRE KOPPERDALEN – MURVERKET. TILSTAND OG TILTAK

Eg viser til synfaring og hyggeleg møte den 9. juni d.å. og vidare til ny synfaring 3. september d.å. Til stades ved siste synfaring var også Berit Bruvik.

Emne for synfaringa av gardflore du har på landbrukseigedomen din i Alver kommune, gnr. 167, bnr. 1.

Gardflore i stein er som nemninga tilseier, bygd inn som ein integrert del av bøgarden som etter gammalt skil innmarka frå utmarka. Slik den tradisjonelle drifta i landbruket på desse kantar var innretta, var gardflore ein møteplass mellom dyr og menneske. Frå utmarksbeita kom dyra og søkte inn i floren, enten for å bli mjølka eller



Gardflore i bakgrunnen. I framgrunnen til høgre ligg «lammehuset»- Frå lammehuset går bøgarden vidare som skilje mellom innmark og utmark.

berre for å få livd mot uver og vern mot insektplage, og frå innmarka kom gardsfolket for å sjå til dyra og mjølka dei.

Om gardflore på Kopperdalen er fortalt ein særskild variant av denne saga. Her vart det drive med sau med tanke på mjølka, i alle fall i delar av den aktuelle nære historia. Denne drifta speglar seg av i bygningane, for tett opp mot gardflore er det reist eit «lammehus». Når sauene trekte inn i gardflore om kvelden, vart lamma skilde ifrå og



plasserte for seg i lammehuset. Slik kunne søyene få fulle jur om morgonen og kunne bli mjølka før dei var slepte ut att på beite i lag med lamma.

Slik eg har oppfatta deg, ynskjer du å ta i bruk anlegget i samband med geitehald.

Skildring av anlegget

Gardflore

Bygningskroppen i gardflore er i sin heilskap bygd i stein. Bygget ligg i lengderetninga langs etter lia. Taket, som er borte, var lagt som eit pulttak med sperrer lagde frå den høgre muren ut mot dalsida og inn på den lægre muren inn mot terrenget. Til tekking var nytta heller grove steinheller. Veggene mot dalen, som grovt sett ligg mot vest, er ca. 6,5 meter lang og ca. 3,0 meter høg. Høgda inn mot terrenget er ca. 1,6 meter. Breidda på huset er godt og vel 4 meter. Det er éi dør inn til huset, mot nord, og ein «glugge» mot sør, som primært kan ha vore meint som ei opning der møka vart lempa ut.

Lammehuset

Tett opp mot gardflore, mot sør, med eit mellomrom på ca. 90 cm, ligg lammehuset. Dette er ca. 3,2 meter langt og ca. 2,65 meter breitt. Veggene er her jamhøge, ca. 1,2 meter. Det er mogleg at desse veggene har vore litt høgre. Ein kan rekna med at taket her har vore eit saltak. Det er ugreitt å seia heilt visst om sperrene har vore landa direkte på murveggene, men det kan ikkje utelukkast at det også har vore ei

«påskøyting» av veggene i treverk. Døra i lammehuset vender inn mot smoget mellom husa, til liks med døra i gardflore. Også lammehuset er bygd i hop med steingarden.

Steingarden

Steingarden som strekkjer seg vidare frå desse bygningane i begge retningar, er, som nemnt, ein bøgard. Han er heller slank, jamt over ikkje meir enn 50 cm i tverrmål, bygd opp som dobbel mur dei fyrste to – tre skifta, deretter oppover som enkel mur. Dette er ein heller vanleg type steingard på desse kantar.

Heile anlegget er prega av at det i området er godt tilfang av skifrig stein, veileigna til muring av denne typen konstruksjonar, og som gjev eit utval av stein som gjer det mogleg å reisa slanke murar. Dette speglar seg av i at det på denne garden, og i heile bygdelaget, er ein særdeles rik steinbyggjarkultur, noko som viser seg att i bygningar og anlegg av mest alle slag, utført i tørrmur. Arbeidet som i si tid vart utført på dette anlegget, vitnar om solid handverkskunne. Bruken av materialet er svært godt tilpassa tilfanget, og murararbeidet er i alle delar sikkert og godt fråseggjort.

Gardflore, og anlegget rundt, representerer såleis både typiske trekk for området, men fortel også ei meir spesiell historie, jfr. den spesialiserte innrettinga på produksjon av sauemjolk.

Vurdering av tilstand

Samla sett fyller anlegget eit komplett bilde. Alle elementa er med, og ein kan ikkje karakterisera det som ein ruin. Det er likevel ein del skade. For gardflore sitt vedkomande er det mest berrsynte at taket er borte. Spor etter trekonstruksjonen i pulttaket er vanskeleg å finna og hellene som dekte taket er dels å finna i grunnen eller dei er tekne ut og deponerte utanfor. Ein må rekna med at ein del heller er øydelagde.

Gardflore

Når det gjeld murverket i gardflore, er det ein del opplagde og typiske skadar. Det gjeld primært i den låge vegguren som vender opp mot terrenget. Det er grunn til å rekna med at muren kan ha fått slike skadar då taket i si tid fall ned, og elles at vatn og snø og frost, tidas tann, har hatt sin verknad.

Den høge veggen mot dalen representerer eit litt meir komplisert bilde. Murlivet her ser påfallande uskadd ut. Det er få teikn på setningar, i alle fall inne. I yttervengen kan ein sjå litt fleire spor av endringar. Men det mest påfallande er at heile denne veggen har eit hall innover. Det fyrste inntrykket ein får, er at heile veggen kan ha lagt seg over som fylgje av svikt i fundamentet. Det er ikkje gjort noka systematisk grunnundersøking, men det er vanskeleg å skjønna at muren her ikkje skulle vera godt fundamentert. Etter kvart teiknar det seg eit bilde av ein veggmur som medvite er bygd med ei helling innover. Motivasjonen for å mura slik vil då ha vore å gje muren eit «spenntak» for å kunna møte dei kreftene som har verka utover i eit bygg med eit tungt tak og pårøyning frå snømassar¹. Den viktigaste indikasjonen på det er at endemurane, som denne murveggen er mura i hop med, synest å vera heilt upåverka, uskipla, av ei mogleg endring i langveggen. Endemurane frambyd eit murverk som verkar heilt intakt og uskadd.

¹ Bygget er definitivt sett opp i ei tid med strengare vintrar enn no!

Trass i at murlivet i innervangen av langveggen i hovudsak verkar uskipla, vil ein også sjå ei mindre utbuling i eit avgrensa parti. Som eigar har du reagert på dette og preventivt sett solide støtter opp mot veggen på innsida. Sjå nærmare omtale i vedlagde fotodokumentasjon! Dei to innbyrdes motstridande analysane vil sjølv sagt gje opphav til to ulike strategiar for restaurering av anlegget. Dette vil bli drøfta under avsnittet om tiltak nedanfor.

Lammehuset

I veggmurane i lammehuset finn ein fleire døme på utglidne steinar. Veggene her ber kanskje preg av ei litt meir «lemfeldig» mureteknikk enn i sjølve gardflore, som nok har vore rekna som det viktigaste elementet i dette anlegget. Det er også teikn til at det manglar litt stein i murkrona.

Steingarden

Steingarden er ein god del skadd, og det er behov for ei opprusting i frå husa og utover til begge sider. Det ville kunne vera føremålstenleg å retta opp eit stykke i kvar lei i samband med restaurering av husa og såleis gje sjølve anlegget eit meir heilskapleg og ordentleg preg. Å setja i stand resten av steingarden ville kunne vera eit meit langsiktig prosjekt.

Merk! Opning mellom gardflore og lammehuset er blitt mura igjen med eit nokså provisorisk murverk. Dette samsvarer ikkje med den opphavlege bruken av anlegget, og steinen her bør fjernast.

Tilfanget av stein skal etter det som er omtalt ovanfor, vera godt, og det vil vera råd å dela opp større blokker til heller viss og når behovet melder seg.

Framlegg til tiltak

Langveggen mot dalen

Det store spørsmålet er kva som må gjerast med den høge veggmuren i gardflore. Dersom ein held fast på «diagnosen» svikt i grunnen, vil det rette svaret heilt eintydig vera full demontering, refundamentering og oppattmuring (strategi I).

Dersom ein legg til grunn at veggen er oppsett med eit hall innover, heilt medvite, kan ein leggja opp til ein annan strategi. Den vil i hovudsak vera å la muren stå som han står, men leggja inn ein reparasjon av det avgrensa feltet med utbuling. Med dette vil ein oppnå at berre eit mindre parti av muren må takast ned og tilbakeførast (strategi II).

Med ein porsjon tvil vil eg rå til at denne andre strategien vert lagd til grunn. Føremonene med den er for det fyrste at prosjektet med istandsetjing kan bli mindre omfattande. For det andre vil ein større del av det opphavlege murverket kunna bergast, og med det vil bygget som kulturminne kunna leva vidare med ein større grad av materialautentisitet.

Støtteriggen som du har sett opp, er eit viktig mellombels tiltak. Men estetisk og funksjonelt vil det vera det beste å kunna fjerna den til fordel for eit mindre synleg opplegg.

Jamvel om ein legg til grunn strategi II, vil eg rå til at det blir utført nokre forsterkande tiltak. Å leggja taket tilbake vil i seg sjølv verka stabiliserande på heile konstruksjonen. Vidare tenkjer eg at ein bør laga til ein permanent rigg av, t.d. ei ramme av stålprofilar diskret plassert i murkrona. Korleis eit slikt støtteopplegg vil kunna utførast mest effektivt bør kunna avklarast i samråd med tømrraren som skal leggja opp att taket.

Føremønen ved å velja strategi II vil vera at det mogleg å endra kurs dersom ein ser at under vegg at det er nødvendig. Når ein går for ei delvis demontering, det vil seia nedtaking av eit avgrensa parti, vil ein også kunna få informasjon om status for murverket i det heile og såleis dra nye konklusjonar – dersom det skulle visa seg nødvendig. Det ville i så fall tilseia at prosjektet blei delt opp i fasar.

Andre tiltak

På gardfloren vil det særskilt vera nødvendig å retta opp nokre skadar i den låge langveggen mot vest. Her er det somme stader nødvendig å ta ned ein del stein og mura opp att, evt. tilbakeføra stein som har falle ned eller blitt skuva ut.

På lammehuset er det liknande tiltak som trengst. Somme stader er det tale om å ordna i murkrona, evt. leggja tilbake nedrasa stein, og i visse parti vil demontering og oppattmuring vera nødvendig.

På steingarden ville det kunna vera eit aktuelt tiltak å setja i stand til dømes 10 meter i kvar retning ut frå bygningane, slik at anlegget får eit heilskapleg preg. Det vil innbera tilbakeføring av nedrasa stein og også demontering og oppattmuring i nokre parti.

Tiltak oppsummert

Gardfloren

1. Søkja igjennom grunnen inne i bygget og henta ut heller og annan stein som kan nyttast opp att
2. Rydda og sortera i stein som ligg på utsida av bygget
3. Demontera ein avgrensa parti av den høge langveggen, sjå fotodokumentasjon! Nytt høvet til å vurdera murverket.
4. Mura opp att det demonterte partiet.
5. Leggja inn ei ramme av stålprofilar, i samråd med tømrrar. Sjå drøfting ovanfor!
6. Gå over resten av murverket i veggen, setja kilar og gjera andre mindre justeringar.
7. Gjera reparasjonar i den låge langveggen.
8. Gjera mindre justeringar i murkrona og elles (gavlveggene)

NB! Viser til drøfting ovanfor.

Lammehuset

1. Rydda og søkja igjennom grunnen og henta ut heller og annan stein som kan nyttast opp att.
2. Rydda og sortera i stein som ligg på utsida av bygget.
3. Reparera skadar i alle fire vegger.
4. Justera murkrona og avpassa høgda.
5. Fjerna provisorisk mur i opninga mellom lammehuset og gardfloren.

Steingarden

1. Rydda langs steingarden – fjerna uynskt vegetasjon
2. Reparera skadde delar i ca. 20 meters lengd (10 meter på kvar side av bygningane).

Allment

Rydding og tilordning.

Økonomi

Eg viser til vedlagde rekneark der eg har prøvd å kostnadsrekna dei ulike delane av eit samla prosjekt, og også å visa konsekvensane av ulike alternativ.

Sluttmerknad

Det må slåast fast at gardfloren på Nordre Kopperdal, og anlegga rundt, til saman er eit kulturminne av svært stor verdi, særleg fordi dei på ein svært konkret måte fortel om levemåte og driftsformer i landbruket i dette området, men også fordi anlegga inngår i den markante steinbyggjarkulturen som pregar desse distrikta. Ovanfor har eg drøfta skadebildet, og til dels lansert alternative analysar. Fordi det må seiast å herska noko tvil om tilstanden – og om kva som vil vera den rette vegen å gå -, vil eg sjå det som ein føremon om ein annan kjennar av tørrmura konstruksjonar også fekk høve til å sjå på anlegget. *Med andre ord: prosjektet ville vinna på at det vart henta inn ein «second opinion».*

Frekhaug 24.09.20

Med venleg helsing

Haakon Aase